



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/6607 - 22/89842

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
24.11.2022

Mellombels bruksløyve - gbnr 322/13 3-mannsbustad BKS2 Mjåtveit

Administrativt vedtak: Saknr: 1342/22
Tiltakshavar: Gripsgård Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for 3-mannsbustad BKS3 på gbnr 322/13 seksjonar 7-9 på Mjåtveitstø på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: 3-mannsbustad BKS2.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 1.06.23.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 19/1226, datert 23.09.19.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstilling av utomhus inklusiv veg, fortau, VA-anlegg i sak 20/6675.
2. Dokumentasjon for avfallsrapport.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: 3-mannsbustad BKS2.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 1.06.23.

Mellombels bruksløyve for utomhus for 16 bueiningar i sak 20/6675 er gjeve den 15.12.21.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.11.22.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Mjåtveitstø 28D - seksjon 9, 28E - seksjon 8, 28F - seksjon 7
Bygningstiltak:	Tremannsbustad BKS2
Bygningsnummer:	Mjåtveitstø 28D: 300887738; Mjåtveitstø 28E: 300887737; Mjåtveitstø 28F: 300887724
Bruksareal:	Mjåtveitstø 28D-125,6 m2; Mjåtveitstø 28E- 125,6 m2; Mjåtveitstø 28F- 125,6 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	3

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl §

29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6607

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gripsgård Bygg AS

Moldekleivmark 5919
a 69A

FREKHAUG

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOS
SEN